

RUTINE



Aukra kommune

RUSFØREBYGGING I AUKRA-SKOLEN



Trygge grenser, gode val

Føreord

Hjelp til å ta gode val

Rusbruk og tilbod om rusmidlar aukar, også i vår kommune. Det er viktig at vi tek det på alvor.

Arbeidet med rusførebygging i skolen skal bidra til at elevane får kunnskap om rus og rusmidlar, men aller viktigast at dei utviklar ferdigheitar som skal hjelpe dei å ta gode val. Vi veit at det er det langsiktige arbeidet som har best effekt. Då hjelper ein god plan, saman med dei tilsette i skolen sin kunnskap og klokskap. I Aukraskolen jobbar ein systematisk for eit trygt og godt skolemiljø og at alle skal høyre til.

I tillegg til det daglege arbeidet med skolemiljøet såg ein behov for å lage verktøy som gir skolen tydelege rutinar for korleis ein skal ivareta elevar som har behov for tiltak på gruppe- eller individnivå. Tidleg innsats er viktig. Bekymring må tas på alvor. Skolen sine tilsette må vite kva ein skal sjå etter og kva ein gjer når ein er bekymra for elevar og rusbruk. Denne rutinen skal vere til hjelp og støtte i dette viktige arbeidet.

Kampen mot rus og det rusførebyggande arbeidet kan ikkje ligge på skolen aleine. Eg er difor glad for at SLT-koordineringsgruppa valde å organisere arbeidet med rutinen i ei bredt samansett gruppe, der begge skolar, helsestasjon, psykisk helse og rus og frivilligheita var med. Eg vil rette ein stor takk til SLT-koordinatoren og gruppa for det gode arbeidet.

Vi veit at mange ungdom startar altfor tidleg å nytte alkohol som rusmiddel, og at rusa ungdom lettare kjem ut for ulykker og andre uheldige episodar. Det er eit viktig mål å utsette ungdommen sin alkoholdebut. Foreldra, andre vaksne og ungdomen sjølv må jobbe saman om dette. Eg vil streke under kor viktige foreldre og andre vaksne er som rollemodellar for ungdommen. Det gjeld også korleis vi sjølv forhold oss til rusmidlar.

Eg er trygg på at Aukra-skolen, saman med foreldre og heile Aukra-samfunnet, skal jobbe godt med det rusførebuande arbeidet i vår kommune.

Eg ønsker alle lykke til med dette viktige arbeidet!

Gerd Marit Langøy

Kommunedirektør

INNHALD:

INNLEIING	4
Planprosess	5
MÅLSETTING	6
ANSVARSFORDELING I FØREBYGGINGSARBEIDET	7
Foreldre	7
Skoleleiinga	7
Tilsette i skolen	8
Helsesjukepleiar	8
Psykisk helse og rus	8
SLT-koordinator	8
Politi	8
KOMPETANSEMÅL MED RELEVANS FOR RUSFØREBYGGING	9
TILTAK I SKOLEN	10
Universelle tiltak.....	10
Årshjul for spesifikke rusførebyggande tiltak per trinn	11
BEKYMRINGSFULL RUSMIDDELBRUK	12
Endringar og signal	12
Samarbeidspartar ved bekymring.....	13
HANDLINGSLØYPE VED BEKYMRING	14
Handlingsløype ved ulike situasjonar	15
Flytskjema ved bekymringsfull rusmiddelbruk.....	18
EKSEMPEL PÅ HANDTERING AV ULIKE SITUASJONAR	19
Samtale med elev om mogleg rusmiddelbruk.....	19
Avdekking av bekymringsfull bruk av rusmiddel.....	20
Akuttsituasjonar	21
AKTUELLE LENKER	22

INNLEIING



Ungdata-undersøkinga viser at ungdommen i Aukra stort sett har det bra, samtidig viser dei same undersøkingar at rusbruk og tilbod om ulovlege rusmidlar aukar. Politiet sine analyser underbygger dette.

Aukra kommune sin samfunnsplan og barne- og ungdomsplan viser at førebygging av utanforskap er ei viktig prioritering for kommunen. Det er i tillegg krav til kommunar om å legge til rette for å imøtekomme den nye barnevernsreforma frå 2022, også kalla oppvekstreforma. Barnevernsreforma har til hensikt å styrka det førebyggjande arbeidet og tidleg innsats i kommunane. BTI-handlingsretteleiar i Aukra viser korleis arbeidsstrukturen i arbeidet med utsette barn og unge skal vere i denne samanheng. Stafettlogg blir eit viktig samhandlingsverktøy. Nettsida til BTI-modellen finn du [her](#).

Rutine for rusførebygging i Aukraskolen skal bidra til å auke fokus på det rusførebyggjande arbeidet i skolen som også er eit samarbeid på tvers av tenester. Rutinen har konkrete universelle tiltak og det er skissert handlingsløyper og flytskjema for ulike situasjonar knytt til rusbruk hos barn og unge.

Rutinen er basert på at Aukraskolen har egne ressurspersonar i skolen som er i tråd med [kjentmannordninga](#) til KORUS (kompetansesenter rus). Kjentmann er ei beredskapsordning for skolen, og har til hensikt å styrke arbeidet med rusrelaterte problemstillingar. Ein kvalifisert Kjentmann vil ha kunnskap om risikofaktorar og beskyttelsesfaktorar og har mot til å handle. Ein skole som har ein Kjentmann vil kunne samle og auke kompetanse innan rusførebygging og tidleg intervensjon.


Planprosess

Aukra kommune har organisert det rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeidet etter SLT-modellen. SLT står for «Samordning av Lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande Tiltak» og gjeld for barn og unge.

Våren 2023 blei det etablert ei tverrfagleg SLT-arbeidsgruppe med mandat om å utarbeide ein rutine for rusførebygging i Aukra. SLT-koordineringsgruppa peika ut begge skolane, helsestasjon, psykisk helse og rus og frivilligheita som representantar for arbeidsgruppa. SLT-koordinator har vore sekretær og leia arbeidet.

Under arbeidsprosessen har det kome innspel frå ungdomsrådet, politi og andre samarbeidspartar. Arbeidsgruppa har henta inspirasjon frå Ålesund kommune si plan «Rusførebygging i Ålesund-skolen» som også baserer seg på Korus si kjentmann-ordning. Moss kommune og deira rettleiar for det rusførebyggjande arbeidet i Mosseskolen har også vore til nytte i arbeidet med rutinen. Det er elles blitt brukt ulike nettressursar som er tilgjengeleg under kapittelet «Aktuelle lenker» i denne rutine.

MÅLSETTING



«Alle barn og unge skal beskyttast mot narkotikasal og bruk av narkotika. Dei skal lære om kva narkotika er og kvifor det er farleg og ulovleg. Dei har rett til å få hjelp om dei byrjar med narkotiske stoff».

Barnekonvensjonen artikkel 33

Barnekonvensjonen artikkel 33 er eit godt utgangspunkt for samarbeid, samordning og tverrfagleg arbeid rundt det rusførebyggande arbeidet i Aukraskolen. Arbeidet med rusførebygging skal bidra til at ungdom utviklar kunnskap om rus, rusmiddel og ferdigheiter som kan hjelpe dei med å ta gode livsval. Rus er eit tema som, i tillegg til det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring, høyrer heime i fleire fag.

Skolen skal vere ein rusfri og trygg arena for alle unge og har ansvar for å handle ved bekymring. For å lukkast med skolen sitt rusførebyggande arbeid er det viktig med tidleg innsats og samarbeid om eleven sitt beste. Dette er i tråd med BTI-modellen. Rusproblematikk har ofte bakanforliggande årsaker. Samarbeid med ungdommen er derfor viktig og at dei opplever oppfølginga som relevant. Elevane skal møte vaksne som ser, lyttar, viser omsorg, har forventningar og følger opp. Foreldre er den viktigaste førebyggjar i eit barns liv. Derfor er kontakten og samarbeidet mellom heim og skole svært viktig.

Skolen sitt nettverk skal ikkje stå åleine, det skal vere eit samarbeid med andre instansar både i det førebyggande arbeidet mot rusmiddelbruk og i konkrete saker.

ANSVARSFORDELING I FØREBYGGINGSARBEIDET



Foreldre

- Den viktigaste personen i eit barn sitt liv og den viktigaste førebyggaren
- Oppdragar som skal bidra med god tilknytning, grensesetting og støtte
- Vere ein god rollemodell
- Delta i samarbeidet med skolen
- Delta i arbeidet med å sikre barn sin tryggleik i nærmiljøet
- Delta i samarbeid med andre tenester ved individuell oppfølging

- Ta kontakt med skolen dersom dei er bekymra for sitt eige barn eller ein annan elev

Skoleleiinga

- Opprette Kjentmann
- Sikre at skolen sine rutinar for det rusførebyggande arbeidet er kjent for medarbeidarar.
- Rutinen skal vere tilgjengeleg for elevar, foreldre og andre samarbeidspartar
- Legge til rette for samarbeid med foreldre og oppfordre dei til å ta kontakt

med skolen ved bekymring for eige barn eller annan elev

- Følgje opp samarbeid med relevante tenester og samarbeidspartar i kommunen
- Varsle politiet ved ein uønskt hending/utagerande åtferd, endring i miljøet og ved mistanke om kjøp og sal av rusmiddel
- Informere SLT-koordinator og politiet om ein ser endringar som bekymrar i skolemiljøet

Tilsette i skolen

- Bidra til at elevane tileignar seg kunnskap om rus og rusmiddel gjennom undervisinga i relevante fag
- Samarbeide med andre faglærarar for å dekke ulike aspekt som gjeld rus, grensesetting, fysisk og psykisk helse i skolen
- Legge til rette for trygge relasjonar og rom for dialog og refleksjon om ulike aspektar ved rus
- Ta bekymringa på alvor, varsle Kjentmann/skoleleiinga og bidra til at elevar får naudsynt oppfølging ved behov
- Følgje opp skolen sitt systematiske arbeid for eit trygt og godt skolemiljø
- Følgje opp einskildelevar og ha eit godt samarbeid med foreldre

Helsesjukepleiar

- Vere ein god støttespelar, både for eleven, Kjentmann og andre tilsette på skolen
- Bidra med å opplyse og gi kunnskap til elevar rundt rusbruk og rusmiddel
- Spørje elevar om rusmiddelbruk, særleg alkohol
- Inneha same Kjentmann-kurs som skole
- Undervisning i livsmeistringsprogrammet *Livet & Sånn*

Psykisk helse og rus

- Tilby frivillig ruskontrakt for ungdom i grunnskolen
- Tilby behandling for ungdom i grunnskolen
- Bidra med å opplyse og gi kunnskap til elevar rundt rusbruk og rusmiddel

SLT-koordinator

- Vere tilgjengeleg for skolar ved foreldremøte o.l.
- Ha kunnskap og oversikt over trendar og fenomen blant unge i kommunen
- Vere tilgjengeleg for tilsette og/eller foreldre ved ønske om å drøfte ei problemstilling rundt rus/rusmiddelbruk
- Inneha kunnskap om rusførebyggande tiltak og rusrelaterte kurs for tilsette
- Sørge for at skolane er godt informert om hjelpeinstansar som kan bidra i arbeidet ved bekymring og handling rundt rusmiddelbruk

Politi

- Formidle oppdatert lokalkunnskap om trendar og fenomen knytt til ungdomsmiljø og rusmiddelbruk for foreldregrupper
- Inneha erfaring med rusførebyggande tiltak
- Vere tilgjengeleg for tilsette og/eller foreldre ved ønske om å drøfte ei problemstilling rundt rusmiddelbruk og ungdomsmiljø
- Ha moglegheit for å iverksette akutte avverjande tiltak ved fare for liv og helse
- Ta imot melding og opprette straffesak ved mistanke om befatning med narkotika
- Jobbe førebyggande og kunnskapsbasert for å hindre konflikt i eit ungdomsmiljø

KOMPETANSEMÅL MED RELEVANS FOR RUSFØREBYGGING

Tabellen under viser formål og kompetansemål i samfunnsfag og naturfag, med relevans for rusmiddelførebygging i skolen. Opplæring gis som del av det tverrfaglege temaet «Folkehelse og livsmeistring». I livsmeistringsfaget skal elevane gis kompetanse som fremmar god psykisk og fysisk helse, og som gjer mogelegheit til å ta ansvarlege livsval. Les meir om dette på udir.no.

FAG	FOLKEHELSE OG LIVSMEISTRING	KOMPETANSEMÅL ETTER 10. TRINN
Samfunnsfag Kjelder: Tverrfaglige temaer - Læreplan i samfunnsfag (SAF01-04) udir.no Kompetansemål etter 10. trinn - Læreplan i samfunnsfag (SAF01-04) udir.no	Formål: Faget skal bidra til at elevane kan gjer gode livsval og handtere utfordringar knytt til seksualitet personleg økonomi, rus, utanforskap og digital samhandling.	Kompetansemål: Reflektere over korleis identitet, sjølvbilde og eigne grenser blir utvikla og utfordra i ulike fellesskap, og presentere forslag til korleis ein kan handtere påverknad og uønskete hendingar
Naturfag Kjelder: Tverrfaglige temaer - Læreplan i naturfag (NAT01-04) udir.no Kompetansemål etter 10. trinn - Læreplan i naturfag (NAT01-04) udir.no	Formål: Faget skal bidra til å gi elevane kompetanse til å forstå sin eigen kropp og ivareta sin eigen fysiske og psykiske helse. Elevane skal kunne stille seg kritisk til og bruke helsesrelatert informasjon til å ta gode og ansvarlege val knytt til helse, sikkerheit og miljø i både kvardags- og arbeidsliv	Kompetansemål: Sammenlikne nervesystemet og hormonsystemet og skildre korleis rusmidler, legemidler, miljøgifter og doping påverkar signalsystema.

TILTAK I SKOLEN



Universelle tiltak

Regelmessig gjennomføre Ungdata-undersøkingar som gir eit oversiktsbilde på korleis ungdom har det generelt og spesifikt om bruk av rusmiddel

Kvar skole skal ha ein «Kjentmann» som har god kunnskap om rusmiddel og rusmiddelbruk, erfaring i å snakke om rusmiddelbruk med elevar og handtere saker om bekymringsfull rusmiddelbruk

Tilgjengeleg helsesjukepleiarar med generell kompetanse innan rusproblematikk

SLT koordinator, psykisk helse- og rustenesta, skolehelsetenesta, politi og andre som jobbar førebyggjande skal bidra med sitt i det rusførebyggjande arbeidet i aukraskolen

Undervisning til skoleklassar i livsmeistringsprogrammet Livet & sånn supplert med undervisningsopplegg og filmsnuttar frå til dømes Blå kors ressursbank: [Materiell for deg som jobber med barn og unge - Blå Kors ressursbank](#)


Ved hjelp av MOT sine program i skolen skal elevane jobbe med sosial læring som skal forhindre utanforskap og mobbing

Skolehelsetenesta tilbyr foreldrerettleiing etter COS-P som er eit program som skal fremje trygg tilknytning mellom foreldre og barn. Tilsette i skolen får opplæring i COS-P og har kompetanse i tilknytingspsykologi, tryggleikssirkel og det å sjå eleven innanfrå.

Årshjul for spesifikke rusførebyggande tiltak per trinn

FØREBYGGANDE TILTAK	TRINN	NÅR	KORLEIS	ANSVARLEG
Informere om kommunen sin rutine for <i>Rusførebygging i Aukraskolen</i> til foreldre og elevar samt presentere skolen sin Kjentmann	8. trinn 9. trinn 10. trinn	Skolestart	Felles foreldremøte og i alle klasser	Skoleleiinga Kjentmann
Politiet informerer om trendar og fenomen knytt til ungdomsmiljø og rusmiddelbruk og kva foreldre må bidra med.	7. trinn 8. trinn 9. trinn 10. trinn	Skolestart Veke 38 (tysdag)	Felles foreldremøte med føredrag og dialog på begge skolar (same kveld) Organiserast i samarbeid med skole og kulturavdelinga.	Skoleleiinga Kjentmann SLT-koordinator Politi Miljøarbeidarane i kulturavdelinga FAU Elevrådet
Foreldre til elevar i 7. trinn deltar på møte for orientering om foreldrevaktordning og gjennomgang av rutinen for møteplass for ungdom. Det vil også vere ulike tema knytt til møta som skal bidra til felles kunnskapsløft kring barn og unge	7. trinn	Skoleslutt Veke 23 (onsdag)	Kulturavdelinga inviterer og organiserer eit slikt møte for begge skolar	Miljøarbeidarane i Kulturavdelinga SLT-koordinator FAU Ungdomsstyret for møteplass for ungdom
Helsesamtale der tema blant anna vil vere tobakk, alkohol og andre rusmiddel	8. trinn	I løpet av skoleåret	Individuell samtale	Helsesjukepleiar
Undervisning i rusførebyggande tema frå livsmeistringsprogrammet <i>Livet og sånn</i>	10. trinn	November	Undervisningsopplegg om rus med film og dialog (dobbeltime)	Tilsette i skolen Helsesjukepleiar i skolen
Rusførebyggande undervisning etter læreplanverket Les meir om dette på udir.no .	7. trinn 8. trinn 9. trinn 10. trinn		Skal gå føre seg i undervisninga under det tverrfaglege tema «Folkehelse og livsmeistring» i faga naturfag og samfunnsfag	Lærar
Tryggleiksvandring i lokalsamfunnet av ungdommen sine foreldre i helger, på Open kveld og månadlege arrangement	8. trinn 9. trinn 10. trinn	Heile året	Organiserast i samarbeid med frivilligsentralen i Aukra	FAU Frivilligsentralen Foreldre i ungdomsskolen og eventuelt andre ressurspersonar Grendeutvalet
Psykisk helse og rustenesta informerer om skadeverknader ved bruk av rusmiddel	9. trinn 10. trinn	Uke 40 (fredag) I samband med verdsdagen for psykisk helse	Føredrag i auditoriet for alle 9. trinn og 10. trinn elevar samt deira lærarar Organiserast i samarbeid med kjentmann og SLT-koordinator	Skoleleiinga Psykisk helse og rus Kjentmann SLT-koordinator

BEKYMRRINGSFULL RUSMIDDELBRUK



“Tidlege signal på mogleg bekymringsfull rusåtferd/rusproblem er ofte diffuse og utydelege. Desse endringane kan i ein tidleg fase verke som typiske tenårings- eller ungdomsåtferd. Den usikkerheita kan gjere at ein nøler eller overser problema, noko som igjen kan føre til at problema kan vekse seg større.”

Kjentmann 2019

Endringar og signal

Generelle endringar i åtferd kan handle om mange ting, også rusmiddelbruk. Bekymringar må undersøkast og takast på alvor i tråd med kommunen sin BTI-handlingsrettleiing. Det er viktig å sjå heilheita og samansetting av informasjon og observasjon. Ved bekymringsfull åtferdsendring ta kontakt med Kjentmann (ressursperson på rus i skolen), helsefagleg personell og/eller skoleleiinga.

Rusmiddelbruk kan gi følgande endringar:

- Endring i åtferd som ikkje lar seg forklare på ein tilfredsstillande måte, som humørsvingingar (sløv, frustrert, aggressiv, latterkick) eller endra åtferd med tanke på struktur, hukommelse eller konsentrasjon
- Vekttap, dårleg allmenntilstand, uforklarlege symptom på trøttheit, dårleg hygiene, slurvete/skitten påkledning o.l.
- Bekymringsfullt fråvær eller brot på avtalar
- Tydelege fall i skoleprestasjonar
- Signal eller bekymring frå foreldre eller medelevar
- Endring av omgangskrins eller omgang med elevar i risikogrupper
- Endring i forbruk av pengar eller stor kjøpekraft
- Uttrykk for meiningar eller haldningar som bagatelliserer eller legaliserer bruk av rusmiddel

Samarbeidspartar ved bekymring

Bruk av rusmiddel og alkohol i ungdomsskolealder er ein alvorleg sak og gir grunn til bekymring. Det er derfor viktig at skole og helsesjukepleiar ikkje opplever å stå åleine i utfordringa, men har samarbeidspartar dei kan drøfte utfordringsbiletet med.

Det finst ei rekke samarbeidspartar for skolane, samtidig vil det i nokre tilfelle vere naturleg å drøfte saker med barnevern eller politi. Anonym drøfting med barnevernstenesta vert anbefalt dersom ein er usikker på om ei sak bør meldast. Teieplikt er ikkje til hinder for å drøfte saker anonymt, og barnevernstenesta er erfarne på å gi råd og rettleiing.

Ein kan og drøfte ei bekymring/problemstilling rundt rus/rusmiddel anonymt med politiet. Kontaktpunktet hos politiet skal vere førebyggjande avsnitt ved Molde politistasjon. Ved konkret mistanke eller bekymring for elevar, ønsker politiet informasjonen så nøyaktig og detaljert som mogleg.

HANDLINGSLØYPE VED BEKYMRING



Alle som jobbar med barn og ungdom i individuelle saker skal:

- *Jobbe systematisk og målretta etter BTI-modellen (betre tverrfagleg innsats)*
- *Innhente samtykke til tverrfagleg samarbeid*
- *Kartlegge årsakssamanhengar og sette i verk tiltak*

På dei fleste skolar vil det jamleg kome fram mistankar/uro rundt eksperimentering eller rusmiddelbruk hos elevar. Informasjonen som kjem fram er ofte basert på ulike kjelder som egne eller andre sine observasjonar, rykte, fortrulege samtalar, konkrete funn av brukarutstyr/rusmiddel med meir.

Både faglege vurderingar, menneskelege omsyn og godt skjønn må brukast i handtering av slike situasjonar. Vurderingane og handlingane bør dokumenterast med dato og grunngjeving. Dokumentasjonen skal ivareta rettstryggleiken til eleven og foreldra, og samtidig gi skolen sitt personell formell ryggdekning. Dersom informasjonen er eit rykte, må ein vere tydelege på at dette er noko ein har høyrte og ønsker å sjekke ut med eleven.

Ved handtering av rusmiddelrelaterte situasjonar skal det vere klar og tydeleg fordeling på kven som gjere kva. BTI-handlingsretteleiar er rammeverket til kommunen i slike saker. Ansvaret bør ideelt sett ligge hos den som allereie har ein god relasjon til eleven. Dersom ingen har det, vil det vere naturleg at kontaktlærar eller Kjentmann (ressurspersonen på rus i skolen), i samråd med rektor tek ansvaret. I tabellane under kjem handlingsløyper på ulike situasjonar.

Handlingsløype ved ulike situasjonar

Under kjem tabellar som skildrar handlingsløype ved ulike situasjonar knytt til rusproblematikk. Følgande situasjonar er skildra:

- Elev innrømmer rusmiddelbruk
- Elev nekter for rusmiddelbruk
- Bekymring for ein elev sine rusvanar
- Mistanke om ruspåverka elev
- Mistanke om kjøp/sal av rusmiddel på skolen

ELEV INNRØMMER RUSMIDDELBRUK		
TILTAK	NÅR	ANSVAR
Melde til skolen sin Kjentmann	Raskast mogleg	Den som er bekymra
Kjentmann innhentar fleire opplysningar, skaffar seg ein oversikt. Rådføring hos ressursteam/helsesjukepleiar. Avklare oppfølging/samtale.	Raskast mogleg	Kjentmann
Avtale samtale med eleven	Innan ei veke etter første bekymring	Kjentmann/helsesjukepleiar

ELEV NEKTAR FOR RUSMIDDELBRUK

TILTAK	NÅR	ANSVAR
Søk meir informasjon og vurdere situasjonen	I løpet av 1-2 veker	Kjentmann/ helsesjukepleiar / Kontaktlærer / faglærer / miljørettleiar
Ny samtale med eleven		Kjentmann / helsesjukepleiar
Eventuelt samtale med elev og foreldre		Kjentmann / helsesjukepleiar

BEKYMRING FOR EIN ELEV SINE RUSVANAR

TILTAK	NÅR	ANSVAR
Informere om moglegheit for hjelp/oppfølging av fagperson på skolen og eksterne samarbeidspartar	I løpet av 1-2 veker	Skoleleiinga / Kjentmann / helsesjukepleiar, eventuelt eksterne samarbeidspartar. Skolen ved skoleleiinga har hovudansvaret fram til anna er avtalt.
Oppfordre eleven til å snakke med foreldre, enten sjølv eller i samarbeid med nokon på skolen		
Innkalle elev og foreldre for å diskutere kva som kan hjelpe eleven vidare		
Plan for oppfølging		


MISTANKE OM RUSPÅVIRKA ELEV

TILTAK	NÅR	ANSVAR
Melde til kontaktlærer/ Kjentmann / helsesjukepleiar / skoleleiinga	Straks	Den som har mistanke
Eleven må skjermast og ivaretakast, og foreldre må kontaktast, eventuelt hente eleven. Ved akutte situasjonar må ein ringe legevakta	Straks	Kjentmann/skoleleiinga
Samtale med elev og foreldre Informere om moglegheiter for hjelp/oppfølging av fagpersonar på skolen og eksterne samarbeidspartar i kommunen	Dagen etter	Kjentmann/helsesjukepleiar
Plan for vidare oppfølging	Vurderast av ansvarlege	Kjentmann / helsesjukepleiar / skoleleiinga

MISTANKE OM KJØP/SAL AV RUSMIDDEL PÅ SKOLEN


TILTAK	NÅR	ANSVAR
Ta kontakt med skoleleiinga	Straks	Den som har mistanke
Samtale med den/dei det gjeld om at ein har mistanke om kjøp og sal av rusmiddel	Snarast	Skoleleiinga og eventuelt Kjentmann
Kontakte foreldre	Snarast	Skoleleiinga
Kontakte politiet	Snarast	Skoleleiinga
Oppfølgingsavtale med elev og/eller foreldre med tilbod om hjelp	Innan kort tid	Skoleleiinga / Kjentmann / helsesjukepleiar / ekstern støtte

Flytskjema ved bekymringsfull rusmiddelbruk



Viktige telefonnummer:
 Legevakt: 116 117
 Barnevern: 71 11 16 00
 Barnevernsvakta: 97 60 16 16
 Politi: 02800
 Politi naudsituasjon: 112

EKSEMPEL PÅ HANDTERING AV ULIKE SITUASJONAR



*Råd frå ungdommen:
«Ha mot og is i magen
til å ikkje fortelje noko
vidare før vi kan gjere
det i samarbeid»*

*Frå rapporten «Klokhet om
rus»*

Samtale med elev om mogleg rusmiddelbruk

Alex er ein elev som har aukande fråvær og vert oppfatta som stadig meir ukonsentrert, irritabel eller fjern når vedkomande er på skolen. Er ofte blitt observert saman med eldre ungdommar. Etter helga har eleven alltid historier om festar som vedkomande har deltatt på. Mor fortel om stadig mas etter pengar.

Mogleg framgangsmåte:

Har ein nok opplysningar til å kunne ta opp temaet rus i ein samtale med eleven? Er det andre på skulen som kan ha utfyllande informasjon? Det er viktig å finne så mange opplysningar og observasjonar som mogleg før samtalen. Førebu samtalen godt ved å skissere:

- Kva veit du; kva har du eller andre sett eller høyrte? Skil mellom sikker kunnskap og rykte.
- Kva lurar du på/kva treng du meir kunnskap om? Kvifor trur du det kan handle om rusmiddelbruk?
- Kva er du bekymra for? Kva vil du formidle til eleven i samtalen?

Samtalen:

Tenk gjennom på førehand kvar og når samtalen skal finne stad. Sørg for å sette av nok tid og at du får sitte uforstyrra. Informer eleven om kvifor du ønsker denne samtalen, sei noko om teieplikta og at ein ikkje går vidare med opplysningane utan at vedkomande er informert. Legg fram det du veit og det du er uroa for og få fram tydeleg ønske om å hjelpe eleven.

Eleven nektar for rusmiddelbruk.

At eleven nektar for bruk av rusmiddel kan vere ein normal og forståeleg første reaksjon. Det kan vere vanskeleg å innrømme vanskelege forhold med ein gong. Gi eleven tid. Kanskje endrar eleven mening når vedkomande har fått tenkt seg om. Gi uttrykk for at det er ønskeleg med ein ny samtale seinare, særleg om bekymringa varer ved. Informer om at skolen kan bli nøydt til å gå vidare med saka om ein vurderer den som særleg bekymringsfull. Om eleven ikkje vil snakke med deg, så kan du oppmuntre vedkomande til å snakke med nokon andre. Gi forslag til moglege personar/instansar å vende seg til. Ikkje slepp tak i eleven/saka før ein er sikker på at vedkomande vert ivaretatt/fylgt opp av andre.

Eleven innrømmer rusmiddelbruk:

Kjem det fram i samtalen at eleven brukar rusmiddel på ein risikofylt og bekymringsfull måte, må ein følgje opp med ein ny samtale innan kort tid. Lag avtalar om vegen vidare og diskuter når eventuelt føresett skal informerast, og av kven og på kva måte (t.d. eleven gjer det sjølv, skolen informerer eller i eit felles møte med føresette, eleven og skolen). I denne type saker er det gjerne lite som hastar (ofte kan rusmiddelbruken avta når dette er kjent og eleven opplever å ha nokon å snakke med om temaet). Er eleven usikker på ein eventuell involvering av hjelpeapparatet, er det i utgangspunktet greitt å vente med dette. Det viktigaste er å oppretthalde kontakt, skape tillit og god relasjon. Verken føresette eller andre hjelpeinstansar treng informasjon med det same. Følg eleven sitt tempo, så sant ikkje liv og helse er i fare. Ein må heile tida vurdere, saman med kollegaar/ rektor, kor lenge der er forsvarleg å halde på informasjonen (jf. teieretten vs. informasjonsplikt).

Avdekking av bekymringsfull bruk av rusmiddel

Alex fortel at det er vanskelege forhold heime for tida. Det er mykje konflikt og krangling mellom føresette og det blir også ofte krangel mellom føresette og eleven. Det medfør at Alex er lite heime og er stadig oftare saman med ein gjeng som røyker hasj og drikk mykje alkohol i helgane.

Mogleg framgangsmåte:

Når eleven tar initiativ til å fortelje om sin situasjon, må dette takast alvorleg og straks følgast opp. Dette er den «gylne augeblinken». Det er viktig å halde ved like tilliten som eleven viser i denne situasjonen, og styrke motivasjonen til å gjere noko/finne gode løysingar.

Fortruleg informasjon:

Av og til kan elevar fortru seg om eigne vanskar eller problem i venneflokken eller familien. Slik fortruleg informasjon kan vere eit ønske om meir vaksenkontakt eller berre vere eit behov om å dele informasjonen med nokon. Fortruleg informasjon må handsamast med varsemd og er som regel ikkje ei hastesak (grad av alvor må sjølvstilt vurderast). Det er viktig at skolen ikkje har reaksjonar som bremsar/hindrar slik openheit frå dei unge.

Akuttsituasjonar

1. Alex er, utan tvil, synleg ruspåverka på skulen.

Framgangsmåte:

Eleven må så raskt som mogleg skjermast frå dei andre. Dette av omsyn til dei andre elevane på skolen, men og for eleven sjølv. Ein bør vere to stykk til stades i denne situasjonen. Ta ein roleg prat med eleven. Informer om kva som er blitt observert og kvifor ein har reagert. Lytt også til kva eleven seier om situasjonen. Førsette bør informerast og eventuelt hente eleven. Sjekk ut eleven sine tankar kring informasjon til førsette, om noko kan bli spesielt vanskeleg. Både eleven og førsette kan trenge støtte i ein slik situasjon. Er eleven overstadig rusa må vedkomande sikrast tilsyn. Vurder om eleven må ha helsehjelp. Eleven må roleg og utan oppstuss takast med ut frå skoleområdet. Lag avtale om ny samtale dagen etter, gjerne saman med førsette. Gå då gjennom hendinga. Fortel kva som var skolen si oppleving og vurdering og be eleven fortelje sin versjon. Lag avtalar for vidare oppfølging. Det er viktig å sikre at eleven har ønske og lyst til å kome tilbake til skolen. Dokumenter vurderingar og tiltak gjennom heile prosessen.

2. Alex blir tatt i å selje hasj på skulen.

Framgangsmåte:

Sal/omsetting av illegale rusmiddel er ei politisak. Ta kontakt med lokalt førebyggjande politi. Eleven må skjermast frå dei andre. Det bør vere to tilsette frå skolen til stades i denne situasjonen. Informer eleven om at politiet vil bli kontakta om hendinga. Lag avtalar om oppfølging og informer tydeleg om skolen sitt reglement og forventningar til eleven framover. Informer og involver førsette. Ta kontakt med andre instansar om nødvendig. Eleven kan bortvisast frå skolen, men ikkje utvisast. Det er viktig at eleven ikkje droppar ut. Skolen skal ivareta og hjelpe eleven til å halde tak i skolen. Politiet har ansvar for ein eventuell påtale/straffesak. Dokumenter vurderingar og tiltak gjennom heile prosessen.

AKTUELLE LENKER



Du kan finne nyttig informasjon om rusmidlar fleire stader på internett. Under kjem ei liste over nettstader som kan vere aktuelle i skolen som undervisningsmateriell og for å auke kunnskap om rusmiddel og bruk av rusmiddel. Det vil også vere informasjon om kva ein skal gjer i ulike situasjonar.

Rusopplysninga

Her får du nøktern og nyttig informasjon om ulike rusmidlar, utan moralisering. Målet er å førebygga skade ved å gi kunnskap om verknad og risiko ved bruk av rusmidlar. Lenke: [Rusopplysningen – Kunnskap kan redde liv](#)

Kjentmann – Korus sitt opplæringsprogram for tilsette i skolen

Kjentmann er ei beredskapsordning for skolen, og har til hensikt å styrke arbeidet med rusrelaterte problemstillingar. Ein kvalifisert Kjentmann vil ha kunnskap om risikofaktorar og beskyttelsesfaktorar og har mot til å handle. Lenke: [Kjentmann: Opplæring for ansatte i skolen | KORUS](#)

Rusførebygging i skolen – med nye læreplanar

Fornya læreplanar for grunnskolen og vidaregåande opplæring vart innført i 2021. Planen sitt innhald aktualiserer spørsmålet om, og korleis rusførebyggande arbeid kjem til å ha ein plass i skolen framover. Lenke: [Rusførebygging i skolen – med nye læreplaner \(utdanningsforskning.no\)](#)

Filmsnuttar og undervisningsopplegg om rusmidlar for ungdom – Blå kors ressursbank

Her finn du filmar som kan nyttast i undervisning om alkohol og anna rus med ungdom som kan kombinerast med Blå kors sine undervisningsopplegg eller snakkekort.

Lenke til filmsnuttar: [Filmsnutter om rusmidler for ungdom - Blå Kors ressursbank](#).

Lenke til undervisningsopplegg: [Undervisningsopplegg om rusmidler for ungdom - Blå Kors ressursbank](#)

Lenke til snakkekort: [Snakkekort: start gode samtaler om rus, psykisk helse og mer - Blå Kors ressursbank](#)

Viktige telefonnummer:

Legevakt: 116 117

Politi: 02800

Politi naudsituasjon: 112

Barnevernsvakta: 97 60 16 16

Barnevern: 71 11 16 00

Pårørandetelefon: 80 04 05 67